

# Sakspapir

<b>Saksbehandlar</b>	<b>Arkiv</b>	<b>ArkivsakID</b>
Gerd Allis Håheim	FE - 010	14/325

<b>Saknr</b>	<b>Utval</b>	<b>Type</b>	<b>Dato</b>
02/2014	Valstyret	PS	18.03.2014

## Evaluering av stortingsvalet 2013

### Framlegg til vedtak:

Valstyret tek evaluering av Stortingsvalet 2013 til vitring.

### Saksopplysningar:

#### Bakgrunn

#### Vurdering

Den 9. september 2013 var det stortingsval.

Valet gjekk bra og i Masfjorden var det god valdeltaking med over 82 % av dei røysteføre.

Det syner at organiseringa me hadde med førehandsrøysting og opningstider på valdagen har fungert veldig bra.

Me som har jobba mest med valet er stolte over at alt gjekk så fint.

Kommunane hadde i år fått opplæring i det nye valadministrative datasystemet EVA som Kommunaldepartementet har utvikla og er ansvarleg for.

Ved kvart nytt val er det alltid lovendingar og nye reglar som må følgjast.

### Viktigaste endringane i år var:

- Førehandsrøystene skulle stemplast, og rett i urne
- Lova seier at det skal vera to personar som tek imot førehandsrøyster

Pga av at det skulle vera to valfunksjonærar til å ta i mot førehandsrøyster måtte me organisera dette på ein annan måte enn ved tidlegare val.

Ved tidlegare val har me hatt førehandsrøysting på skulane kvar dag i perioden førehandsrøystinga skulle vera frå 09.00 til 15.00.

Pga av lovendring om at det **skal** vera to personar til stades for å ta mot førehandsrøyster, kunne ikkje skulane klara å stilla med ressursar til dette kvar dag i nesten ein månad som førehandsrøystinga varer. Me prøvde då å finna ei anna løysing på dette og kom då fram til denne løysinga:

Me hadde førehandsrøysting ein dag på Nordbygda skule og ein dag på Matre skule den dagen biblioteket hadde langope til 19.00. Underteikna og Mona H. Daae tok seg då av dette.

Det var ganske mange som nytta seg av tilbodet som var godt motteke. (godt kunngjort på førehand)

På kommunehuset hadde me førehandsrøysting kvar dag heilt fram til og med fredag før valdagen.

I tillegg hadde me ein fredag med ope til 19.30 på kommunehuset. På fredagen med langope var det ganske få som kom og ville røysta, men tilbodet var der.

På sjukeheimen hadde me førehandsrøysting ein laurdag i 4 timar der alle som ville kunne førehandsrøysta.

Det var mange som nytta seg av det tilbodet.

Førehandsrøystinga var godt kunngjort både i avisa, på heimesida og plakatar rundt på butikkane.

### **Valfunksjonærar.**

Ved dei siste vala har me alltid vore berre to personar i administrasjonen som har gått på valkurs og har hatt det fulle ansvar for valet.

Dette er svært sårbart. Me såg det i fjor då underteikna vart sjuk og var sjukemeldt i 14. dag.

Det gjekk bra, men me ser at for ettertida må det vera tre personar som går på alle kursa som departementet arrangerer i høvet valet, slik at det ikkje blir så sårbart. Pga av kravet om at to personar skal vera tilstades ved førehandsrøysting er det og viktig et det er fleire som får opplæring.

Ved kommuneval er det og mykje meir arbeid både før valet og for ikkje å snakka om etterarbeidet.

## **Valdagen.**

Masfjorden har no 5 røystekrinsar.

Masfjordnes, Kvingo, Hosteland, Haugsvær og Matre.

Røyststyra har 3 medlemer og 2 varamedlemer.

På Hosteland som er største krinsen, hadde dei 4 medlemmer.

Opningstida har i mange år vore frå 11.00 til 18.00 og det har ikkje kome tilbakemeldingar om at det er for kort opningstid.

Me har ikkje fått negative tilbakemeldingar frå dei som sat i røystetyra. Alt fungerte som det skulle og valet kom vel i hamn.

I Kvinge og Haugsvær røystekrinsar er vallokalet i gamle grendahus der kravet om universelt tilgjenge ikkje heldt mål. Frå neste val som er kommunevalet i 2014 vil det sannsynlegvis bli elektronisk avkryssing i manntalet på røystedagen. Det vil sei at ein må ha internett-tilgang i vallokala.

Valstyret må ta stilling til om me skal redusera tal røystekrinsar i kommunen til tre.

Reduksjon av røystekrinsar kjem i eiga sak.

## **Konklusjon**

Sjå framlegg til vedtak

## **Valstyret - 02/2014**

### **VS - behandling:**

Gerd Allis Håheim orienterte om saka.

Saka vart drøfta.

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

### **VS - vedtak:**

**Valstyret tek evaluering av Stortingsvalet 2013 til vitring.**